

## **Radøy bonde- og småbrukarlag**

**Til Radøy kommune v/rådmannen**

**Radøyvegen 1690**

**5936 Manger**

Radøy bonde- og småbrukarlag har fått ein del oppmodingar om å ta opp situasjonen på landbrukskontoret. I det ligg ingen kritikk av dei tilsette på kontoret, men det er ei utbreidd oppfatning at kontoret treng å styrkjast med fleire stillingar og få større stabilitet.

Det er etter vårt syn uheldig at landbrukssjefen skal dela seg mellom 3-4 kommunar. Det seier seg då sjølv at han vanskeleg kan vinna over alle dei oppgåvene han skal ta seg av. Så vidt me forstår er Eli Bjørklid for tida innleigd dels på kontoret i Radøy/Austrheim og dels i Lindås. For å få til større stabilitet, kunne det vera ein ide om anten ho eller Kjartan Nyhammer brukte det meste av arbeidstida si berre på Radøy/Austrheim eller Lindås? Då hadde det i alle fall vorte litt lettare å vita kven ein skal forhalda seg til.

Me er også misnøgde med måten landbruksfagrådet fungerer på. Rådet har berre hatt eitt møte dette året (06.03.), men skal rådet ha nokon funksjon, så må arbeidet verta meir handfast og rådet må få høve til å uttala seg i saker som på ein eller annan måte vedkjem landbruket.

Me er sjølvsagt klar over at heile den kommunale forvaltninga er inne i ein omstillingsprosess for tida. Det er likevel viktig at landbruket ikkje vert hemma av dette i tida fram til ein finn ein gagnbar forvaltingsmodell i den nye kommunen. Landbruket er ei svært viktig næring i Radøy, m.a. er kommunen den femte største i Hordaland når det gjeld levering av kumjøl, og kommunen er også mellom dei største leverandørane av lammekjøt. For fagmiljøet innan landbruket er det difor viktig at ein også framover har eit oppegåande landbrukskontor som spelar på lag med næringa.

Radøy bonde- og småbrukarlag ber difor om at dette vert følgd opp, gjerne i formannskapet.

Manger 22.11.17

For Radøy bonde- og småbrukarlag  
Geir Smith, leiar